



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for mars 2021.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang  
56



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Oskar Grimstad
Visepres:	Anne Gry Eilertsen
Sekretær:	Vegard Gjerde
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Bjørn Teigene
Styremedlem:	Idar Flø
Ansv.red.:	Anne Gry Eilertsen
Referent:	Anne Gry Eilertsen

## Kunne du vente

til eg har skaffa meg oversynet  
til alle flokane er løyste  
til alle skiljelinjer mellom rett og gali er rissa inn for altid  
til reknestykket endeleg går opp  
til eg kan ta noen steg utan å trampe på noen  
til eg sjølv ikkje er dørmatte lenger  
til mitt standpunkt held for all logikk  
til eg unngår denne gnuringa mot andre  
til eg kuttar alle trådar som er feste til meg  
til eg ikkje lenger fester trådar sjølv  
til eg gjennomskodar alle tildriv til forvirra handlingar  
til eg er urikkande roleg som ein stein  
til eg har upletta hender  
til eg står på toppen over livets jungel  
og skin som is og snø  
til eg er rein og klår som ein hard diamant  
utan å fryse

kan du vente

*Arnljot Eggen*

## Referat frå Rotarymøte 22. mars 2021.

Korona-epidemien ligg framleis som eit trugsmål over landet, og hindrar oss framleis i å ha vanlege medlemsmøter i Hareid Rotary Klubb sine lokale på Klubhuset til Hareid IL. Men møta er sakna av mange, og måndag 22. mars inviterte vi til samling i gapahuken ved Grimstadvatnet. 19 personar møtte opp, og på trygg avstand frå kvarandre vart det ei triveleg stund. Vaffelkaker og kaffi stod på menyen, og praten gjekk godt. President Oskar Grimstad ønskte velkomen og Sverre Ulstein orienterte om stoda for oppsetjing av lys langs Rotary-stien.

